

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 11/4406-10

## **Utpeiking av representant til styret i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesrådmannen skal framleis utpeike fylkeskommunen sine to representantar til styret i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Ungt Entreprenørskap (UE) er ein ideell, landsomfattande organisasjon som i samspel med skuleverk, næringsliv og andre aktørar jobbar mot følgjande mål:

- Utvikle born og ungdom sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølve
- Gje born og ungdom forståing for kor viktig det er med verdiskaping og nyskaping i næringslivet
- Fremje born og ungdom si samarbeidsevne og ansvarskjensle
- Gje forståing for og kunnskap om etikk og reglar i nærings- og arbeidslivet
- Styrke samhandlinga i lokalsamfunnet mellom nærings- og arbeidslivet og skulane
- Stimulere til samarbeid over landegrensene
- Inspirere til framtidig verdiskaping i ein sosial, kulturell og økonomisk samanheng

UE har 17 fylkesorganisasjonar. UE Sogn og Fjordane vart etablert i 2000 og vert støtta av fylkeskommunen med kr 900 000 per år gjennom ei avtale som gjeld for åra 2012-14. UE Sogn og Fjordane og fylkeskommunen er i gong med drøftingar om ei ny avtale, som må godkjennast av fylkestinget når så langt kjem.

UE Sogn og Fjordane er leia av eit styre med ni styremedlemer. To av styremedlemene vert peika ut av fylkeskommunen. Begge styremedlemene har til denne tid vore utpeikt administrativt.

På årsmøtet til Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane i vår skal det veljast/peikast ut éin ny styremedlem frå fylkeskommunen.

Etter det fylkesrådmannen har fått opplyst har valnemnda kontakta fylkesvaraordføraren med førespurnad om ho ønskjer å ta på seg vervet som fylkeskommunen sin nye styremedlem.

Etter samråd med fylkesordføraren legg fylkesrådmannen fram ei enkel sak for fylkesutvalet.

Eg ber her om at fylkesutvalet avgjer om fylkeskommunen frå no av skal vere representert i styret på politisk nivå eller om vi framleis skal vere representert administrativt. I tilfelle fylkesutvalet meiner vi skal vere representert politisk, bør fylkesutvalet peike ut kven som skal vere fylkeskommunen sin kandidat til det ledige styrevervet.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Praksisen med at fylkeskommunen sine styremedlemer vert utpeika administrativt fremjar ei koordinering opp mot den operative verksemda til fylkeskommunen. Det kan på den andre sida argumenterast med politisk representasjon ut frå eit ønskje om å kople det politiske miljøet tettare på UE Sogn og Fjordane sitt arbeid.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkeskommunen også framover bør late seg representere administrativt i UE Sogn og Fjordane sitt styre.

Dersom fylkesutvalet vel politisk representasjon, er det nærliggjande at dette prinsippet vert lagt til grunn for begge dei to fylkeskommunale styreplassane. Fylkesrådmannen presiserer at det berre er den eine av fylkeskommunen sine to styremedlemer som no er på val. Og bakgrunnen for dette er at ein tidlegare styremedlem nyleg har vorten pensjonist.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkeskommunen sine to styremedlemer i UE Sogn og Fjordane framleis skal utpeikast administrativt.